

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 13.06.2007  
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 19.04.07 - 12.06.07**

**Styresak 058/07 O**  
**Administrerende direktør si orientering pkt. 6**

**Styremøte 27.06. 2007**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 19.04.07 – 12.06.07
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	13.04.07	Kirurgiavtaler i Helse Vest. Riksrevisjonen ber om at det blir gjort greie for korleis anbudsprosessane i 2006 blei gjennomført. Vidare blir det mellom anna bedt om oversending av avtalene samt ein oversikt over omfanget av kjøpte kirurgitjenester i 2006. Svarfrist: 4. mai 2007.	Svar på førespurnaden er sendt 3. mai 2007. I svaret er det gjort greie for dei aktuelle anbudsprosessane og klagebehandlinga for klagenemnda for offentlege innkjøp. Vedlagt svaret følgde ei omfattande dokumentasjon.
	13.04.07	Helseføretaka sine kjøp av legemiddel frå dei regionale sjukehusapoteka. Riksrevisjonen ønskjer oversikt over dei regionale sjukehusapoteka sin totalomsetning i 2005 og 2006. Svarfrist: 4. mai 2007.	Svar på førespurnad sendt 4. mai 2007. Oversikt over apotekføretaket si totalomsetning er innhenta frå Apoteka Vest og sendt vidare til Riksrevisjonen. Ekstern omsetning i prosent av totalomsetning er på ca 10 %.
	13.04.07	Statlege tilskot 2006. Rapportering på dei beløp føretaksgruppa har motteke i tilskot frå staten i perioden 01.01.06 – 31.12.06. Svarfrist: 4. mai 2007.	Svar på førespurnad sendt 4. mai 2007. I svaret er det gjeve ein oversikt over mottekne tilskott frå Helse- og omsorgsdepartementet i 2006. Vidare er det gjeve opplysingar om bokført lånesaldo per 31.12.06.
	25.04.07	Helse Bergen HF – Stiftinga B12 og Bevital AS. Det er vist til internrevisjonen sin rapport i saka	Svar på førespurnad sendt 8. mai 2007. I svaret er det gjort greie for status i saka. Helse

		og behandlinga i styremøte i Helse Vest RHF 23.03.06 og bedt om ei utgreiing med omsyn til status i saka. Svarfrist: 9. mai 2007.	Bergen arbeider nå ut i frå ein plan om at analysestart i eige regi kan starte frå 01.11.07. Det er også gjort greie for arbeide med gjennomgong av fullmaktar, fullmaktstruktur og stillingsbeskrivingar.
	03.05.07	Informasjonsinnhenting. I samband med Riksrevisjon si gjennomgong av måloppnåinga for 2006 er det bedt om nærare opplysingar innanfor følgjande område: - habilitering og rehabilitering - forskning - ventetider Svarfrist: 11. mai 2007.	Svar på førespurnad sendt 11. mai 2007. I svaret er det gjeve tilbakemelding på dei aktuelle områda.
	23.05.07	Tilbodet innan psykisk helsevern for vaksne. Riksrevisjonen har sett i gong ei undersøking av kapasiteten, inntaksprosessen og den overordna styringa innanfor psykisk helsevern og ber om ein del informasjon om styringa av denne delen av spesialisthelsetenesta.	Svarfrist 3 veker.
<b>Statens helsetilsyn</b>	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Rapportering frå Helse Bergen for mars 2007 viser eit belegg på 125 % på akuttpostane og korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Justert for permisjon var belegget 101 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var situasjonen her ein beleggsprosent på 123 og 105 %. Dette inneberer bruk av 2,6/2,0 korridor plassar pr døgn. Beleggsprosenten var samla litt høgare i mars enn i februar, men det er eit lågare forbruk av korridorsenger.  Rapportering frå Helse Bergen for april 2007 viser eit belegg på 112 % på akuttpostane og korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Justert for permisjon var belegget 98 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var situasjonen her ein

			<p>beleggsprosent på 124 og 104 %. Dette inneberer bruk av 1,2/0,9 korridor plassar pr døgn. Beleggsprosenten er samla sett klårt lågare enn i mars, og det er lågare forbruk av korridorsenger både samla og på avdelinga på Sandviken.</p> <p>Rapportering frå Helse Bergen for mai 2007 viser eit belegg på 118 % på akuttpostane og korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Justert for permisjon var belegget 98 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var situasjonen her ein beleggsprosent på 119 og 97 %. Dette inneberer bruk av 1,7/0,8 korridor plassar pr døgn.</p>
	11.06.07	Varsel om vedtak om tvangsmulkt. Med bakgrunn i pålegg gitt 09.03.05 varslar Helsetilsynet vedtak om tvangsmulkt gjeldande frå 01.10.07. Helse Vest har frist til 14.09.07 for uttale til varselet.	
	18.04.07	Orientering om at Helga Arianson, Helsetilsynet i Hordaland, overtek funksjonen som kontaktfylkeslege for Helse region Vest frå og med 1. april 2007.	
	11.05.07	Tilbod om legemiddelassistert rehabilitering i Rogaland. I brevet peiker Helsetilsynet på at ein i samband med tilsynet ved LAR-Rogaland tidlegare i år, avdekkja problemstillingar som omhandlar organisering av tilbodet til rusmiddelmissbrukarar og som inneberer at pasientar som blir søkt til legemiddelassistert rehabilitering ikkje får eit tilbod frå spesialisthelsetenesta som er i samsvar med føresegnene i lov om pasientrettar. Helsetilsynet ber på denne bakgrunn om at Helse Vest RHF tek initiativ til å gjennomføre dei nødvendige strukturelle endringar som sikrar at denne pasientgruppa får oppfylt sine rettar etter lova.	
<b>Arbeidstilsynet</b>	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
<b>Datatilsynet</b>	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	02.06.06	Knarvik øyelegekontor. Klager har delteke i open anbodskonkurransen om levering av kirurgiske tenester. Konkurransen blei avlyst og ny konkurranse kunngjort. Det er hevda at Helse Vest har brote innkjøpsreglane ved å offentleggjere priser i den første	Klagenemnda behandla saka i møte 23.04.07. Nemnda kom på same måte som i sak vedrørande Privatsykehuset Haugesund og i sak vedrørande Fana Medisinske Senter, til at Helse Vest hadde brote teieplikta ved å

		konkurransen i forkant av den nye konkurransen.	informere om prosedyreprisane i den første anbuds-konkurransen.
<b>Sivilombudsm.</b>	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
<b>Konkurransetilsynet</b>	19.09.06	Konkurransetilsynet har motteke ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen.  For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka.	Aktuelle dokument er oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06.
<b>Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet</b>	Det er ikkje motteke saker frå Dispensasjons- og klagenemnda i perioden.		

## Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
<b>Statens helsetilsyn</b>	15.01.07	Varsel om tilsyn med Duedalen rehabiliteringssenter 07.03.07.	
	19.04.07	Oversending av endeleg rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det avdekket eit avvik: Mangelfull tilgong på medisinsk kompetanse inneberer at pasientar ved Duedalen Blå kors behandlingssenter ikkje alltid får forsvarleg utgreiing og behandling.	
	01.06.07	I brevet vises det til dei tiltak som er sett i verk for å rekruttere tilstrekkeleg kompetanse. Helsetilsynet har vurdert tiltaka som tilstrekkelege, og tilsynet er dermed avslutta.	
	15.01.07	Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Bo- og Behandlingssenter 28.03.07.	
	11.05.07	Oversending av endeleg rapport. Det blei ved tilsynet ikkje funne avvik, og tilsynet er dermed avslutta.	
	23.01.07	Oversending av rapport frå tilsyn med medisinsk klinikk, Haraldsplass Diakonale sjukehus. Innan dei tema som tilsynet gjaldt, blei det påpeikt eit avvik: Klinikken sikrar ikkje at alle pasientjournalar inneheld alle relevante opplysingar eller at epikrise alltid blir sendt til fastlegen.	Haraldsplass har fått frist til 01.04.07 for skriftleg tilbakemelding om kva tiltak som blir sett i verk for å lukke avviket.
	30.01.07	Melding om tilsyn med tenester i akuttmottak, Helse Stavanger HF, 24.-25.04.07.	

	01.06.07	<p>Oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik.</p> <p>Helse Stavanger har ikkje utført ei samla risikovurdering av om Akuttmottak har nødvendig beredskap og fagleg kompetanse til å sikre forsvarleg mottak, prioritering, behandling og oppfølging av pasientar i periodar med stor pasienttilstrøyming.</p> <p>Helse Stavanger føretek ikkje systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer slik som føresett.</p> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 14. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p>
	20.04.07	<p>Tilsyn med LAR-Rogaland. Oversending av endeleg rapport. Det blei ikkje påpeikt avvik ved tilsynet, og tilsynet er dermed avslutta.</p>
	11.05.07	<p>Tilsyn med Askøy Blå Kors klinikk. Oversending av endeleg rapport. Det blei ikkje påpeikt avvik ved tilsynet, og tilsynet er dermed avslutta.</p>
	11.05.07	<p>Tilsyn med Helse Bergen HF, Bjørgvin DPS, Floenkollektivet. Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det funne tre avvik.</p> <p>Helse Bergen har ikkje sørgja for at det ved Floenkollektivet er tilstrekkeleg med lege- og psykologressursar til å sikre pasientane forsvarlege utgreiing og behandling.</p> <p>Journalane inneheld ikkje alle nødvendige og relevante opplysingar om tilstand, gjennomførte vurderingar, utgreiing og behandling.</p> <p>Fleire journalnotat er skreve på engelsk.</p> <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. juli 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p>
	25.05.07	<p>Tilsyn med Helse Bergen HF, Medisinsk servicedivisjon, Akuttmottak. Oversending av endeleg rapport. Det blei ikkje påpeikt avvik ved tilsynet, og tilsynet er dermed avslutta.</p>
	25.05.07	<p>Tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for kirurgi og akuttmedisin, Haugesund sjukehus, Akuttmottak. Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det funne tre avvik.</p> <p>Det går ikkje klart fram korleis ansvar, mynde og oppgåver er fordelt når det gjeld alle funksjonar i Akuttmottak.</p> <p>Det manglar klare rutinar for fleire sentrale arbeidsprosessar som sjukepleiarane i Akuttmottak utfører. På andre område finns det prosedyrar, men alle desse blir ikkje alltid følgde.</p> <p>Det blir ikkje gjort systematisk overvaking og evaluering av dei ulike sidene ved drifta og risikotilhøva i Akuttmottak.</p> <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p>
	01.06.07	<p>Tilsyn med Sentrum Røntgeninstitutt, Stavanger. I brevet er det vist til tilsyn 06.06.06, dei avvik som blei påpeikt og verksenda sitt brev av 24.05.07der det er gjort greie for dei tiltak som er sett i verk for å rette opp dei påviste avvik.</p> <p>Helsetilsynet har vurdert dei tiltak som er sett i verk som tilstrekkelege, og tilsynet er dermed avslutta.</p>

<b>Arbeidstilsynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Statens strålevern</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	27.11.06	Helse Stavanger. Klager: Aktiv Eiendomsmegling Sandnes, Sandnes Eiendomsmegling AS. Helse Stavanger har avlyst ein konkurranse om sal av bustader i Stavanger. Klager hevdar at det ikkje er heimel for avlysinga, subsidiært at det skulle vore utlyst ein ny konkurranse.	Klagenemnda behandla saka i møte 16.04.07. Klagenemnda fann at avlysinga var i strid med forskrifta sitt krav om sakleg grunn i det den i realiteten var grunngjeven i dårleg planlegging. Vidare fann nemnda at det etterfølgjande direktekjøpet var ulovleg fordi det for nemnda ikkje var godtgjort at verdien av kjøpet ikkje oversteig den nasjonale terskelverdien.
	30.03.07	Helse Bergen. Klager: Opak AS. Klager deltok i ein konkurranse for innkjøp av prosjektadministrative tenester og PGL for nytt barne- og ungdomssenter, samt psykiatribygg. Klager hevder at Helse Bergen sin tildelingsevaluering og poengsetting av tildelingskriteriet pris har vore mangelfull. Det hevdes også at konkurransegrunnlaget var uklart med omsyn til kva tenester som ble etterspurt.	Avgjerd føreligg ikkje.
	19.04.07	Helse Bergen. Klager: Hospitalitet AS. Klager deltok i ein konkurranse for innkjøp av prosjektadministrative tenester og PGL for nytt barne- og ungdomssenter, samt psykiatribygg. Klager hevder at Helse Bergen sin tildelingsevaluering og poengsetting av tildelingskriteriet pris har vore mangelfull. Det hevdes også at konkurransegrunnlaget var uklart med omsyn til kva tenester som ble etterspurt.	
<b>Sivilombudsmannen</b>		Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	

